



Kvalitetsregister

I 2017 blei eit samtykkebasert kvalitetsregister for arbeidsretta rehabilitering (KAR) etablert.

Muritunet samlar og registrerar data i dette kvalitetsregisteret. Formålet med kvalitetsregisteret er å bidra til utvikling innan arbeidsretta rehabilitering og til å heve kvaliteten på dei leverte tenestene i heile utrednings- og behandlingsforløpet.

Dette blir gjort ved å samle og dokumentere resultat av ARR på endring i arbeidsdeltaking og sjølvvurdert arbeidsevne frå deltakarar på rehabiliteringsinstitusjonar i alle helse-regionane.

Registeret består av opplysningar om personer som gjennomfører ARR i den enkelte rehabiliteringsinstitusjon og vil innehalde informasjon om forhold ved arbeid, arbeidsevne, behandling, helse og økonomiske stønadsordningar.

Opplysningane blir henta inn ved at samtykkande deltakarar svarar på spørjeskjema ved fire tidspunkt:

- før rehabilitering
- rett etter rehabilitering
- 6 månader etter rehabilitering
- 12 månader etter rehabilitering

Spørjeskjemadata blir innhenta i den enkelte rehabiliteringsinstitusjon og ein designert fagperson ved institusjonen registrerar og overfører data til det elektroniske «Nettskjema» (Universitetets senter for informasjonsteknologi (USIT), Universitetet i Oslo (UiO)).

Her blir det lagra som eige prosjektområde på sikker server ved «Tjeneste for Sensitive Data» (TSD).

Kvalitetsregisteret har konsesjonsgodkjenning frå Datatilsynet.